



Til russen 2020

23. april 2020

Russefeiringa 2020 vert ikkje heilt som alle andre russefeiringar

Pandemien set ein effektiv stoppar for tradisjonell russefeiring i år. Omsynet til at vi alle skal halde oss friske, og at vi ikkje får spreiding av smitte i samfunnet, gjer at årets russekull ikkje kan feire på same måte som tidlegare år. Det er sjølvstøtt lov å tenkje at dette er utruleg trist, men det kan også vendast til noko positivt. Russefeiringa i år vil i motsetning til tidlegare russefeiringar gå inn i historiebøkene, og russen i år vil få ei feiring som skil seg heilt ut frå det vanlege. Russen i 2020 får eit unikt høve til å finne kreative løysningar på korleis det kan feirast utan å utsette kvarandre for smitterisiko, og korleis det kan markerast at russen deltek i samfunnsdugnaden og tek samfunnsansvar.

Vi i politiet ynskjer å bidra til eit godt samarbeid rundt mulige aktiviteter som russen tar initiativ til. Bruk den lokale kontakta dykk har i politiet for å få gode råd!

Kva må du huske på som russ 2020?

- Russen må rette seg etter norske lover og reglar, slik som alle andre. Dette gjeld alt frå ordensforstyrningar, vald, støy, nattero, smittevern, bruk av rusmidlar, brot på trafikkreglane til forsøpling. Politiet er verken snillare eller strengare med russen enn innbyggjarane elles. Russedressane gjev ikkje utvida rettar på noko vis.
- Russen må rette seg etter helsemyndigheitene sine tilrådingar til ei kvar tid. Akkurat no kan maksimalt **5 personer** samlast med **2 meters avstand**. Tilrådinga om handvask gjeld, og for all del ikkje del flaske.
- Ikkje del ut russekort no – det kan overføre smitte.

Reglane for smittvern og råda frå helsemyndigheitene kan endrast, og vi tilrår russen å vere oppdatert på kva som gjeld til ei kvar tid.

Politiet sine tilrådingar

- Tenk kreativt og bruk dei sosiale media. Gjennomføre ulike russeaktivitetar på ein måte som ingen har gjort før... men ikkje bruk nettet til noko du vil angre på i ettertid.
- Bruk russedressen med stoltheit. Russ-2020 skal vere symbolet på dei som tok ansvar i ein vanskeleg situasjon.
- Avgrens inntaket av alkohol. Store alkoholinntak vil heilt sikkert føre til at fokuset på smittevern forsvinn. Det vil verte utruleg leitt om feiringa fører til smitteutbreiing med dei konsekvensane dette kan få for dykk eller for andre.

Kva vil politiet gjere?

- Vi vil legge til rette for at russen får ei trygg russefeiring, så lenge dette er i samsvar med helsemyndigheitene sine avgjerder, tilrådingar og lokale kommunale forskrifter.
- Vi løysar opp større samlingar av russ dersom ikkje lover og reglar eller helsemyndigheitene sine tilrådingar ikkje vert følgt. Vi kjem då til å gi pålegg som det vil være straffbart å ikkje følge.
- Vi gir køyreforbod for russebilar dersom gjentekne pålegg knytt til trafikale tilhøve eller støy ikkje vert etterkomne. Føraren vil i kvart einskild tilfelle verte halden ansvarleg.

Vi i politiet håper at det blir ei minnerik russefeiring sjølv om tilhøva i år er heilt spesielle, og vi håper at russen i Møre og Romsdal vert sittande igjen med mange gode minner etter fullføringa av vidaregåande skule. Vi skal i tida som kjem bidra til at russen skal føle seg trygge. Russefeiringa markerar ikkje berre slutten på ei epoke i livet, men har også med bod om at ei ny tid er på veg. Pandemien vil gå over på eit tidspunkt, og det er då viktig at ingen opplever at hendingar under russefeiringa står i vegen for vidare planar i livet. Vår erfaring er at ein kan ha det utruleg artig utan å bryte lover og reglar.

Søk gjerne råd hjå oss i politiet dersom dykk er i tvil om noko. Ta kontakt på telefon 02800.

Politiet i Møre og Romsdal ynskjer dykk til lykke med innspurten i den vidaregåande skulen, med russefeiringa, og all mogleg lykke vidare i livet.